

Arkiv:**JournalpostID:** 25/20291**Saksbehandlar:** Anders Skipenes**Vedtaksorgan** Skriv her

--	--	--

Høyringsuttale frå Gloppen kommune

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet i Gloppen vedtek høyringsuttale til planprogramma for «Regional plan for areal og mobilitet» og «Regional plan for verdiskaping og kompetanse slik det går fram av denne saka.

Kort samandrag av saka

Vestland fylkeskommune har sendt to planprogram ut på høyring til kommunane; Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse. Bakgrunnen for at fylkeskommunen no fornyar planverket sitt, er at fleire av dei eksisterande planane er utdaterte. Fleire planar vart også vedtatt før samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane i 2020, og må tilpassast den nye fylkesstrukturen.

Begge planprogramma som no er ute på høyring, vil påverke utviklinga av Vestland fylke – og med dette også kommunane i fylket. Gloppen kommune ønskjer følgjeleg å gje høyringsuttale på planprogramma, og vil truleg også nytte høyringsretten når dei endelege planutkasta ligg føre.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har sendt to planprogram ut på høyring til kommunane; Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse. Bakgrunnen for at fylkeskommunen no fornyar planverket sitt, er at fleire av dei eksisterande planane er utdaterte. Fleire planar vart også vedtatt før samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane i 2020, og må tilpassast den nye fylkesstrukturen.

Begge planprogramma som no er ute på høyring, vil påverke utviklinga av Vestland fylke – og med dette også kommunane i fylket. Gloppen kommune ønskjer følgjeleg å gje høyringsuttale på planprogramma, og vil truleg også nytte høyringsretten når dei endelege planutkasta ligg føre.

Gloppen kommune vil understreke at vi opplever svært korte fristar for å behandle to så omfattande planprogram. Dette gjer det krevjande å sikre god lokal forankring og reell medverknad i kvar enkelt kommune.

Begge planprogramma – Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse, tek utgangspunkt i overordna tema som regionstruktur, regionalisering og sentralisering. For Nordfjord reiser dette særskilde utfordringar. Regionen har ikkje eitt definert regionsenter, men ein fleirkjernestruktur som fungerer godt gjennom samspel mellom fleire kommunar. Vi er uroa for at fylkeskommunen, gjennom planarbeidet, legg føringar som ikkje er tilpassa denne realiteten, og som i praksis kan hemme vidare utvikling.

Planprogramma peikar på viktige og relevante tema, men vi fryktar at for sterke regionale føringar kan redusere kommunane sitt handlingsrom som planmynde og samfunnsutviklarar. Verdiskaping skjer i heile fylket, og ikkje berre i dei største byane. Framtidig utvikling i Nordfjord er avhengig av at planlegginga legg til rette for lokal handlefridom, fleirkjernestruktur og gode koplingar både internt i regionen og på tvers av fylkesgrensene.

Fakta i saka

Regionsenter og fleirkjernestruktur i Nordfjord

Nordfjord har ingen naturleg by som kan definerast som regionsenter. I staden har vi ein fleirkjernestruktur der fleire kommunar fyller ulike og avgjerande funksjonar – innan skule, næringsliv, hamn, helse, handel og reiseliv. Denne modellen har fungert godt, og gjer at heile Nordfjord kan utviklast på ein positiv måte.

Vi er uroa for at fylkeskommunen sine planar legg opp til ei løysing som favoriserer éin stad framfor fleire. Dersom Nordfjord skulle bli «straffa» fordi vi ikkje har eitt definert regionsenter, vil det svekke regionen samla sett, og undergrave viktige funksjonar som alle kommunane er avhengige av.

Vi meiner difor at planprogrammet må ta utgangspunkt i fleirkjernestrukturen som eit likeverdig alternativ til regionsenter, og unngå å etablere føringar som gjer det vanskelegare å halde fram med dagens løysing. Fylkeskommunen må støtte opp under vidare utvikling av

heile Nordfjord, ikkje leggje snublesteinar som hindrar oss i å styrke skular, næringsliv, samferdsel og tenester for framtida.

Transportstruktur og tilknytingar

Utvikling av transportstruktur er avgjerande for å binde saman bu- og arbeidsmarknader, og for å sikre livskraftige lokalsamfunn i Nordfjord. Effektive vegar og transportårer mellom regionsenter og kommunesenter er nødvendige både for næringslivet sine behov, og for å utvikle gode bu- og arbeidsregionar.

Basert på innspel frå kommunane i Nordfjord, opplever vi at fylkeskommunen har lagt for lite vekt på vegsambanda som bind saman Stryn, Stad og Gloppen – eit område som i dag fungerer som ein felles bu- og arbeidsregion. Dersom desse sambanda ikkje blir prioriterte, risikerer ein å svekke heile Nordfjord som utviklingsområde.

I tillegg er transportårene ut av fylket kritiske. Sambanda nordover til Møre og Romsdal (Ålesund og Trondheim) og austover over Strynefjellet må vere ein del av kunnskapsgrunnlaget. På kysten vil Stad skipstunnel, dersom den vert realisert, kunne få ein viktig funksjon for å utvikle ein meir robust transportstruktur, og styrke koplingane mellom næringsliv og buområde.

Utan slike koplingar, både internt i Nordfjord og mot omlandet, vil ikkje senterstrukturen i Vestland fungere etter føremålet.

Arealdisponering og handel

Vi har forståing for at det er behov for regional samordning på område som har naturgitte føresetnader, eller der utviklinga får store regionale konsekvensar.

Samstundes er det avgjerande at kommunane får behalde handlingsrommet sitt som planmynde og samfunnsutviklarar. Dette gjeld særleg innan handel. Handel er ein sentral del av lokalsamfunna sine møteplassar, og bu- og arbeidsregionane si utvikling. For sterke regionale føringar kan hindre kommunane i å leggje til rette for lokal vekst og tilpassing til eigne behov. Planprogrammet må difor balansere mellom behovet for regional oversikt og kommunane sin rett og plikt til å ta avgjerder som tener lokalsamfunna.

Kompetanse og vidaregåande opplæring

Tilgang på kompetanse er avgjerande for vidare utvikling i Nordfjord. I distrikta er vidaregåande skular ikkje berre utdanningsinstitusjonar, men ein berebjelke for både samfunnsstruktur og lokalt næringsliv. Skulane gir ungdom utdanning nær der dei bur, samstundes som dei fungerer som bindeledd mellom arbeidsliv og utdanningsløp.

Vi ser med uro dersom fylkeskommunen legg opp til ei sterkare regionalisering av vidaregåande skular. Ei slik utvikling kan svekke både rekrutteringa av ungdom til lokale næringar, og moglegheita for å bygge den kompetansen næringslivet treng. Erfaring viser at ungdom som får utdanning lokalt, i større grad blir verande og bidreg til stabil arbeidskraft.

Planarbeidet må difor ta utgangspunkt i at vidaregåande skular i distrikta er ein nøkkel for berekraftig samfunnsutvikling. Vi ber om at den regionale planen sikrar vidaregåande

opplæring som del av samfunnsstrukturen i Nordfjord, og at skulane blir utvikla i tett samspel med lokalt næringsliv og kompetansebehov.

Verdiskaping og naturgitte føresetnader

Verdiskapinga i Vestland skjer i heile fylket, og Nordfjord er eit godt døme på dette. Her finn vi eit mangfald av næringar – frå havbruk, industri og energi, til landbruk og reiseliv. Alle byggjer på dei naturgitte føresetnadene i regionen. Skal ein lukkast med nødvendig omstilling og sikre vidare utvikling, må planarbeidet leggje til rette for gode rammevilkår og infrastruktur i heile Nordfjord, ikkje berre i dei største byane/tettstadane.

Vi ser at dette er eit område der regional planlegging har ein naturleg funksjon, mellom anna for å samordne arealbruk, transport og energi. Samstundes er det avgjerande at planprogrammet ikkje legg opp til ei for sterk regionalisering og sentralisering, noko som kan undergrave potensialet i dei næringane som nettopp gjer Vestland til eit verdiskapingsfylke.

Samspel utanfor fylkesgrensa

Nordfjord har naturlege koplingar mot Møre og Romsdal, særleg innan utdanning, arbeidsmarknad og transport. Ungdom frå regionen tek i stor grad høgare utdanning i Trondheim, Ålesund og Oslo, og Høgskulen i Volda er eit viktig tilbod for studentar frå Nordfjord.

Planarbeidet må sjå fylkesgrensene meir dynamisk, og legge til rette for betre samhandling og koordinering på tvers. Skal Nordfjord utvikle seg som ein del av større bu- og arbeidsregionar, må desse koplingane vere ein integrert del av kunnskapsgrunnlaget og vurderingane i den regionale planen.

Kunnskapsgrunnlag og statistikk

Tidlegare bruk av statistikk har vore misvisande for å forstå bu- og arbeidsregionen i Nordfjord. Den fleirkjernestrukturen som faktisk eksisterer, kjem ikkje tydeleg fram dersom ein berre legg tradisjonelle pendlingsdata eller statistiske inndelingar til grunn.

Vi ber difor om at kunnskapsgrunnlaget vert oppdatert og tilpassa den reelle situasjonen i Nordfjord. Dette inneber mellom anna ei oppdatert og riktig framstilling av bu- og arbeidsregionen, ei tydeleg kartlegging av samferdselsprosjekt og transportårar som er avgjerande for utvikling, og ei vurdering av energibehov og krafttilgang som føresetnad for vidare verdiskaping

Avsluttande kommentar

Vi støttar intensjonen om å utvikle ein regional plan som samordnar og peikar ut retning. Samstundes vil vi understreke at kommunane sitt handlingsrom må respekterast, og at fylkeskommunen si rolle er å samordne og støtte – ikkje overstyre. Vi forventar at det vidare planarbeidet tek omsyn til dei innspela som er gitt her, slik at planen kan bli eit reiskap for heile Vestland, også for Nordfjord.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ikkje vurdert i denne saka.

Konsekvensar for klima og miljø

Ikkje vurdert i denne saka.

Sosiale konsekvensar

Ikkje vurdert i denne saka.

Vurdering opp mot planverk

Ikkje vurdert i denne saka

Kommunedirektøren si vurdering

Kommunedirektøren syner til teksten under «Fakta i saka».